



## **OSELVARKLUBBEN**

# **Referat frå Årsmøte i Oselvarklubben 28. november 2000**

Årsmøte i Oselvarklubben for 2000 vart halde i Mildenøstet tysdag 28. november 2000.

Tilstade: 12 medlemmer, alle godkjende.

Leiar Kjell Totland opna årsmøtet kl. 18.05 og ynskte dei frammøtte medlemmene vel møtt.

## **A. Godkjenning av frammøtte medlemmer**

Alle dei frammøtte var godkjende medlemmer av Oselvarklubben. Bjørn Rasmussen og Kjell Magnus Økland hadde fullmakt til å røysta med høvesvis Milde Båtlag og Båtlaget Njord/Tysnes sine stemmer.

## **B. Godkjenning av innkallinga**

Det var ingen merknader til innkallinga

## **C. Sakliste (i fylge § 6 i Lover for Oselvarklubben):**

### **Sak 1. Årsmeling 2000**

Kjell Totland gjekk i gjennom årsmeldinga ved å lesa opp overskriftene og spørja om det var nokre merknader. Det var ingen merknader.

Årsmeldinga vart enstemmig godkjend og vedteken.

### **Sak 2. Årsrekneskap 2000**

Kasserar Kjell Milde gjekk i gjennom og kommenterte dei ulike postane. Det vart stilt spørsmål om kor store verdiar Oselvarklubben har inneståande i jakkemerker og om korvidt det er meininga å få inn desse midlane ved å få seld desse jakkemarkene.

Svaret var at det er planen å få selt desse jakkemarkene.

Vidare las Kjell Milde opp revisors beretning som konkluderte med at rekneskapen gav et riktig bilde av Oselvarklubbens økonomi for 2000 og at rekneskapen kunne tilråast godkjent.

Årsrekneskapen vart enstemmig vedteken og styret vart gitt rekneskapsfridom.

## Sak 3 Framlegg frå styret

### Sak 3. a) Endring i Kontingent

Kontigentsatsar vart heva frå 100 kr. til 150 kr. for båteigarar og frå 50 kr. til 100 kr. for ikkje-båteigarar.

Kontigentsatsane vart einstemmig vedteke.

### Sak 3. b) Endringar i "Klasseregler for seilbåter av Oselvartypen"

#### 1. Endring av "G2 Seilareal og konstruksjon"

Etter at sakspapira til årsmøtet vart sendt ut, hadde leiar Kjell Totland motteke telefon frå Knut Reigstad. Knut Reigstad påpeika at ordlyden i styret sitt endringsframlegg burde vera litt annleis enn det utsendte framlegget. Framlegget med den nye ordlyden vart delt ut på årsmøtet og hadde følgjande ordlyd:

##### **G.2 Seilareal og konstruksjon**

###### G.2.1 Konstruksjon:

- (a) Spesifikasjoner på seil : Seildukens tykkelse er valgfri.

I klassene A, B, D, E, H, K og L skal storseilet bestå av vevd duk hvor dukens fibre skal være av polyester/dakron. Samme materiale benyttes i fokken, men fokken kan også bestå av mylarduk eller av laminert polyester blandet med aramidmateriale.

I spriseilklassen benyttes, for både storseil og fokk, vevd duk hvor dukens fibre består av polyester/dakron, eller de kan bestå av mylarduk eller av laminert polyester blandet med aramidmateriale.

Under ordskiftet før avstemminga kom det fram at dersom ein båt stiller med gamle bomullssegl vil den ikkje ha rett til å delta i fylge reglane slik dei står. Årsmøtet fann at dette var i strid med intensjonane til klassereglane. Det vart difor lagt fram forslag om å ta med setninga: "I tillegg kan bomullseil benyttes". Endeleg framlegg til ordlyd i **G. 2. 1. Konstruksjon** vart:

##### **G.2 Seilareal og konstruksjon**

###### G.2.1 Konstruksjon:

- (a) Spesifikasjoner på seil : Seildukens tykkelse er valgfri.

I klassene A, B, D, E, H, K og L skal storseilet bestå av vevd duk hvor dukens fibre skal være av polyester/dakron. Samme materiale benyttes i fokken, men fokken kan også bestå av mylarduk eller av laminert polyester blandet med aramidmateriale. I tillegg kan bomullseil benyttes.

I spriseilklassen benyttes, for både storseil og fokk, vevd duk hvor dukens fibre består av polyester/dakron, eller de kan bestå av mylarduk eller av laminert polyester blandet med aramidmateriale. I tillegg kan bomullseil benyttes.

Framlegget vart einstemmig vedteke.

Punktene (b), (c) og (d) under G.2.1 Konstruksjon var ikkje gjendstand for endring.

## **2. Vurdering av polyester/dacron kontra "plast/aramid" segl**

Styret i Oselvarklubben sitt framlegg var:

"Oselvarklubbens Målekomite får i oppdrag å vurdere plast/aramid segl (Mylar, Kevlar segl) i forhold til polyester/dacron seil, blant annet med hensyn til egenskapar som holdbarhet, motstandsdyktighet mot å bli brettet, egnethet i forhold til seilareal og pris. Målekomiteen skal drøfte hvorvidt det for oselvarens vedkommende kan være hensiktsmessig å gå tilbake til kun å bruke vevd polyester/dacron seil.

Det er ønskelig at målekomiteen framlegger sine resultater til drøfting og behandling på Oselvarklubbens årsmøte i 2001."

Framlegget vart einstemmig vedteke.

## **Sak 4. Innkomne framlegg**

Frå Nils Ove Nipen var det kome fylgjande framlegg:

"NM for Oselvar skal i år 2002 arrangeres for 10 kvm bermuda. Dersom klassen opprettholder NM-statusen (20 startende båter), skal man veksle annenhvert år med 8 kvm spriseil og 10 kvm bermuda."

Framlegget vart vedteke med 11 røyster for og 3 mot.

Under ordskiftet før avstemminga vart det lagt fram eit tilleggsframlegg om at det i kretsmeisterskapet i år 2001 for 10 kvm. bermuda skulle vera minst 15 startande båtar for at dette vedtaket skulle vera gyldig.

Framlegget vart nedstemt med 5 røyster for og 9 mot.

## **Sak. 5. Val**

Valgkomiteens leiar, Finn Totland fekk ordet og orienterte om at dersom det ikkje var nokon som motsette seg det, ville alle som har verv i Oselvarklubben verta gjenvalgt ved akklamasjon. Det var ingen som hadde motførrestillingar mot dette.

Dette vil seja fylgjande samansettning:

### **VERV I ÅR 2001:**

<b>Styret:</b>	Leiar: Nestleiar: Skrivar: Kasserar: Styremedlem: Styremedlem: Varamedlem:	Kjell Totland Knut Olaf Pedersen Kjell Magnus Økland Kjell Milde Terje van der Meeren Reidar Kausland Svein Økland
<b>Revisor:</b>	Egil T. Pedersen	
<b>Målekomite:</b>	Kjell Totland Finn Totland Jan-Erik Christophersen Stein Olav Drange Svein Økland	

**Bokkomite:** Finn Totland  
Knut Olav Pedersen  
Kjell Milde  
Kjell Magnus Økland

**Valkomite:** Finn Totland  
Nils O. Sandtory

Møtet vart heva kl. 19.45  
Etter at årsmøtet var avslutta vart det delt ut pokalar for sesongen 2000.

Allègaten 40, 29/11/2000  
Kjell Magnus Økland  
Skrivar